



Skjøtselsplan for Svinøya kystlynghei og Svinøya naturbeitemark, Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylke.



Bioreg AS Rapport 2019 : 18

BIOREG AS

Rapport 2019 : 18

Utførande institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik, Bioreg AS John Arne Baade Berg, grunneier	ISBN-nr. 978-82-8215-404-8
Prosjektansvarlege: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as Kamilla Svingen Tlf. 97 87 62 58 E-post: svingen.kamilla@gmail.com	Oppdragsgjevar: Grunneigarar; 154/3 - John Arne Baade Berg, Siren Elise Akslen (Berg Sau og Geit) (Gnr 154/3)	Dato: 10.12.2019
<p>Referanse: Oldervik, F. & Svingen K. 2019. Skjøtselsplan for Svinøya kystlynghei og Svinøya naturbeitemark, Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylke. Bioreg AS rapport 2019 : 18. ISBN; 978-82-8215-404-8</p>		
<p>Referat: Rapporten skildrar naturverdiar og artsmangfald for kystlyngheia og naturbeitemarka på garden Svinøya, nord på øya med same namn i Ålesund kommune i Møre og Romsdal fylke. Lokalitetane er i dag beita med sau saman med ein del andre areal på garden. Beitetrykket er stadvis godt, men større område er også grodd igjen med ungskog. Sjølv om skjøtselen ikkje er heilt optimal og det ikkje har vore svidd her på lang tid, er lokaliteten framleis å rekna som kystlynghei, og den har eit godt restaureringspotensiale. Rapporten gjer greie for dei skjøtselstiltaka som bør vidareførast og setjast i verk for å taka vare på dei biologiske (og kulturelle) verdiane som er knytt til både kystlyngheia og naturbeitemarka.</p>		
<p>5 emneord:</p> <p>Kulturlandskap Naturtype Skjøtsel Kystlynghei Naturbeitemark</p>		

Figur 1. Biletet på framsida viser deler av Svinøya sett frå nord. Utsnittet som er fotografert dekkjer omlag den delen som etter kvart skal stå fram som kystlynghei. Sjølv om mykje av området har grodd igjen av skog, er alt ein god del rydda, og eitt område er også brend. Men slik lokalitet ser ut i dag er det berre deler av den som kan definerast som kystlynghei. Her finnes parti med open beita lynghei, samt parti med ung bjørk. Foto; Kamilla Svingen, Bioreg AS © 14.08.2019.

Føreord

Etter ynskje frå John Arne Baade Berg, vart det utført kartlegging av den delen av Svinøya (125/3) ved Ålesund som skal restaurerast attende til ein tidlegare tilstand som kystlynghei, samt at det så vidt vart sett på eit par andre naturtypar knytt til kulturlandskapet på øya. (125/3). Garden/øya har ingen tidlegare registreringar av naturtypar i Naturbase.

I 2019 vart det først og fremst gjort ei naturfagleg undersøking av den delen av utmarka på garden som brukaren meinte må kunne defineraast som kystlynghei, men det vart også sett på ei beitemark. Føremålet med undersøkinga var å få laga ei skjøtselsplan for kystlyngheia på garden. Dette resulterte i registrering av ein lokalitet med kystlynghei som vart verdisett til Lokalt viktig – C (verdien er svak grunna svak skjøtsel i lengre tid). Lokalitetsskildringa er basert på siste versjon av faktaark for kystlynghei, i tillegg til at den er skildra med omgrepa til NiN 2.2.

Vi vil med dette takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Hege Steigedal for – saman med brukaren - å ha tatt initiativ til kartlegging av kystlyngheia på Svinøya sommar/haust 2019, samt for nyttige innspel i samband med kartleggingsarbeid og utforming av skjøtselsplanen. Hjarteleg takk også til grunneigar for oppdraget, og for at han stilte opp ved den naturfaglege undersøkinga, samt sytte for skyss ut til øya.

Mjosundet i Aure 10.12.2019

Bioreg AS

Finn Gunnar Oldervik

Oslo 10.12.2019

Bioreg AS

Kamilla Svingen

Innhald

Føreord.....	3
Innhald	4
1. Generelt om kystlynghei	5
1.1 Ulike typar kystlynghei.....	6
1.2 Geografiske variasjonar av kystlynghei	6
2. Om Svinøya naturgrunnlag og dagens drift	7
2.1 Kort områdeskildring av Svinøya.....	7
2.2 Driftsskildring	10
3. Skjøtsel av Svinøya – skildring av planlagde tiltak	13
3.1 Generelt om skjøtsel av kystlynghei.....	13
3.2 Beiting og dyrehold i kystlynghei	13
3.3 Lyngsviing	15
3.4 Restaurering av kystlynghei	16
3.5 Mål for skjøtsel på Svinøya	16
3.6 Planlagde skjøtselstiltak på Svinøya.....	18
3.6.1 Beiterelaterte tiltak.....	18
3.6.2 Planer for sviing.....	19
3.6.3 Planlagde restaureringstiltak	20
3.6.4 Andre planlagde skjøtselstiltak	22
3.7 Oppfølging av skjøtselsplanen	22
4. Meir informasjon	24
5. Detaljert skildring av naturtypane på lokaliteten	25
6. Kjelder	29
7. Bilete	30
8. Artsliste	34
Vedlegg 1: Eksempel på villsaudrift gjennom året frå Grøneng	35
Vedlegg 2: Retningslinjer for lyngsviing utarbeida av SNO	36
Vedlegg 3: Lokalitetskildring Svinøya beitemark	38

1. Generelt om kystlynghei

Kystlynghei er ein fleire tusen år gammal naturtype som er dominert av røsslyng. Naturtypen har blitt til i dei ytste, oseaniske strøka langs kysten der klimaet er så mildt at småfe har kunna gå ute heile året, eller det meste av året. Om sommaren har også storfe beita i lyngheia, og lyng vart slått til vinterfôr. For å skape godt beitegrunnlag vart lyngheiane svidd slik at det oppstod ein mosaikk av gras- og urtevegetasjon (på nysvidde areal) og lyngvegetasjon. Røsslyng er ein vintergrøn dvergbusk som beitast heile året, men er viktigast som førplante om seinhausten og vinteren. Grasvegetasjonen er i hovudsak vår- og sommarbeite, men særleg storr kan spele ei viktig rolle om vinteren. Sjølv om det er mange trekk i driftsmåten som er relativt einsarta, varierer både bruken og utforminga av kystlyngheia frå sør til nord og frå aust til vest. Kystlyngheiane har spela ei viktig rolle i ressurs-



Røsslyng er ein viktig art i kystlyngheia.

utnyttinga langs kysten og utgjorde tidlegare ca. 2 % av landarealet i Noreg. Dei strekte seg frå Lofoten i Nordland til Kragerø i Telemark. Det er også lynghei på nokre få øyer i ytre Oslofjord, bl.a. på Hvaler i Austfold. Lyngheidrifta har gått sterkt attende i løpet av 1900-talet. Når drifta vert redusert eller opphører, gror lyngheiane att. Også skogplanting, gjødsling, oppdyrkning, nedbygging og nitrogennedfall utgjer truslar mot attverande areal, og kystlynghei er no ein sterkt truga naturtype (Norderhaug & Johansen 2011). Tradisjonell drift med heiårsbeiting, eller beiting store delar av året, og lyngsviing er ein føresetnad for å halda ved lag kystlyngheia.

Naturtypen kystlynghei inngår i kystlandskapet i ein mosaikk med ei rekke andre naturtypar slik som semi-naturleg eng- og strandeng, strandberg og myr. Det norske kystlyngheilandskapet utgjer ein del av eit større lyngheilandskap som finst langs Atlanterhavskysten sør til Portugal. I Noreg, som i resten av det europeiske kystlyngheiområdet er lyngheia på sterkt tilbakegong. Noreg har verdas nordlegaste kystlyngheier og dermed eit særskild ansvar for å ta vare på desse. Variasjonar i miljøvariablar (kalkinnhald, uttørkingsfare og vassmetting) dannar grunnlag for ei rekke grunntypar av kystlynghei, og variasjonar i bruk (lyngsviing og beiting) aukar kompleksiteten i artssamansetjing og diversitet. Tida etter lyngsviing kan delast inn i fire ulike fasar; pionerfasa, byggjefase, moden fase og degenererande fase, og ein skilde artar koplast spesifikt til nokre av desse fasane. Nybrent kystlynghei med lyng i pionerfasen inneholder ein del urter og gras, medan gammal lynghei (30-50 år) ofte er svært artsattig og har eit velutvikla mosedekke. Sjølv om lynghei generelt reknast som eit relativt sett artsattig økosystem er det totale biologiske mangfaldet knytt til heile lyngheisyklusen betydeleg. Som i dei fleste andre semi-naturlege økosystem aukar også artsmangfaldet, spesielt av dei skjøtselsavhengige artane, med kalkinnhaldet i jorda (pH).

1.1 Ulike typer kystlynghei

Kunnskapen om variasjonen i kystlyngheivegetasjonen er under utvikling. Det nyaste systemet for skildring av variasjonen i norsk natur, Natur i Noreg (NiN), deler kystlynghei på grunnlag av kalkinnhold, uttørkingsfare og vassmetting inn i tolv grunntypar: Kalkfattig bakli-hei, kalkfattig kystlynghei, kalkfattig tørr kystlynghei, kalkfattig fuktig kystlynghei, intermediær bakli-hei, intermediær kystlynghei, intermediær tørr kystlynghei, intermediær fuktig kystlynghei, svakt kalkrik kystlynghei, svakt kalkrik tørr kystlynghei, sterkt kalkrik kystlynghei, sterkt kalkrik tørr kystlynghei (Halvorsen et al. 2015).

I tillegg til røsslyng er bl.a. blåbær, flekkmarihand, tyttebær, kreking, smyle, kornstorr, tepperot og skrubbær vanlege artar i norske kystlyngheier. Kalkrik kystlynghei skil seg fra den kalkfattige ved eit høgare innslag av kalkkrevjande arter som flekkmure, blåstorr, reinrose, vill-lin, fjellfraustjerne og orkidéar. Bakliheier, som ofte er nord- og austvendte, gjerne i humide skråningar, har typiske artar som bjørnekam, revebjølle, ormetelg, blåbær og blokkebær. Kystlynghei med høg uttørkingsfare har gjerne artar som heigråmose, mjølbær, kveinartar, finnskjegg og gulaks. Kystlynghei med høg vassmetting skil seg fra tørrare grunntypar ved eit framståande innslag av fuktrevjande artar og myrtartar som klokkeling, blokkebær, rome og bjørneskjegg.

Nedanfor finn du ei kort skildring av karakteristiske trekk for kystlynghei i sør, vest og nord. For å ivareta det biologiske mangfaldet er det viktig å ivareta lyncheiar som representerer variasjonen langs heile kysten i tillegg til variasjonen i lokale komplekse miljøvariablar.

1.2 Geografiske variasjonar av kystlynghei

Sør-Norge

Det meste av kystlyngheiane i sør er relativt tørr kystlynghei, fukthei er sjeldnare. I dei sørlege heiane førekjem klokkesøte langs kysten frå Lindesnes til Stavanger. I sørhellande lyncheier på litt næringsrik grunn kan ein finne ein del andre urter som blodstorkenebb, fagerperikum, kystmaure og firtann. På Lista og Jæren finst det framleis ein svært spesiell lyncheitype: lynchei som er eit suksjonstrinn mellom marehalmyne og skog. Dei domineras av røsslyng, kreking, krypvier, marehalm og sandstorr.

Vest-Noreg

Kystlyngheiane i vest dvs. frå Rogaland til Møre og Romsdal, har størst utstrekning i vest-aust-retning og for hundre år sidan gjekk lyncheia her langt inn i fjordane. I dag dominerer imidlertid lyncheia først og fremst dei ytste øyane og dei ytre fjordstrøka. Her finst artar med høge krav til fuktigkeit og lang vekstssesong. Klokkeling, som veks i fuktigare områder enn røsslyng, er vanleg her, og purpurlyng, som er frostomfintleg, finst i ei smal stripe ytst på kysten til Sunnmøre. Ei rekke artar med vestleg utbreiing i Noreg har lyncheia her som sitt viktigaste habitat, til dømes vestlandsvikke, lyngaugnetrøyst, fagerperikum, heiblåfjør og kystmyrklegg. Artsmangfaldet søkk frå vest mot aust på grunn av at dei klart vestlege artane fell ut.

Midt- og Nord-Noreg

Frå Trøndelag til Nordland dominerer fukthei på grunn av mykje nedbør og låg temperatur. Torvdjupna kan vere fleire desimeter og overgangen mot myr er glidande. Kreking blir eit stadig vanlegare innslag nordover og kan bli meir dominerande enn røsslyngen. Sidan den har lågare beiteverdi kan det skape

problem i område med vinterbeiting. Slåttestorr og torvull er også vanlege. Frå Sunnmøre og nordover minkar innslaget av vestlege artar, medan innslaget av nordlege artar og fjellartar aukar, som til dømes dvergbjørk, rypebær og molte. Tørrhei (høg uttørkingsfare og låg vassmetting) kan førekome i sørhellingar og på areal med skrint jordsmønn. Her aukar delen av urter og gras som tepperot, engkvein og raudsvingel, og mjølbær er eit karakteristisk innslag. Den norske kysten domineras av fattige bergartar, men nordover finst det innslag av kalkrike bergartar som gir rik hei med innslag av kalkrevjande artar. Også på skjelsand kan det utviklast slik rik hei.

2. Om Svinøya, naturgrunnlag og drifta i dag

2.1 Kort områdeskildring av Svinøya

Garden Svinøya ligg på øya med same namn rett nord for Ålesund. Her ligg den for det meste i le for vind og vær - berre vestavinden og sørvesten kan vera litt trasig av og til. Berggrunnen er fattig, med gneis som den dominante bergarten, men omlag i det området der høgspentlina er bygd er det ei sone med litt rikare berggrunn. Lausmassane nord på øya der kystlyngheia ligg, er for det meste sparsame og NGU's lausmassekart seier at det er mest eit tynt humus/torvdekke der. Lenger sør på øya er det ein god del med tynn hav-/strandavsetning (Kjelde: NGU). Moen (1998) plasserer øyene ved Ålesund for det meste i boreonemoral vegetasjonssone (BN), og same kjelde seier at Svinøya ligg i Sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Lyngheiane på Svinøya er i ein tilstand som krev at skjøtsel blir igangsett så snart som mogleg. Lokaliteten er ikkje kartlagd og verdisett tidlegare, og må mest sjåast på som eit restaureringsobjekt.

Den avgrensa lokaliteten med kystlynghei på Svinøya er på 41,6 daa, og er etter NiN å rekna som kalkfattig kystlynghei (T34-2) ut frå den fattige berggrunnen i området og mangel på observerte kalkrevjande artar ved undersøkinga sommaren 2019. Ettersom øya ligg på Vestlandskysten er uttørkingsfaren relativt låg, men kan periodevis være meir utsett for tørke om sommaren i periodar med lite regn. Ettersom det er fleire parti med nedbørsmyr i kombinasjon med kystlyngheia, vil også vassmettinga ligge på trinn 2 (VM·2) heller enn på det lågaste trinnet (VM·1). Dette kjem også til uttrykk i vegetasjonen, med innslag av klokkeling som er ein indikator på høgare råme, samt mykje mose i botnsjiktet. Det går som nemnd ei stripe med rikare berggrunn på sørsida av øya, men dette området inngår ikkje i lokaliteten som er avgrensa som kystlynghei. Her er det gneis-dominert berggrunn, noko som også kjem til uttrykk i det observerte artsmangfaldet i området. Den avgrensa lokaliteten har som nemnd innslag av klokkeling som indikerer meir fuktige forhold, og det er fleire stader overgangar mot mindre myrområde innanfor lokaliteten. Opphøyret av hevd over lengre tid har ført til at større deler av området i dag er å rekne som skogsmark, med veksling mellom svak lågurtskog (T4-C2-2) der bjørk dominerer og bærlyngskog (T4-C-5), kor innslaget av bartre aukar. Det finst også fuktigare parti med jordvassmyr, som etter NiN kartleggast som svært og temmeleg kalkfattige myrflater (V1-C-1) og myrkant (V1-C-5), og litt kalkfattige og svakt intermediære myrflater (V1-C-2) og myrkant (V1-C-6). Lokaliteten følgjer i hovudsak dei naturlege avgrensingane av restane etter steingardar i området og opp mot bergveggen til Svinøya. På sørsida av øya ligg det nokre gamle beitemarker som ikkje har vore i bruk dei siste åra. Botnsjiktet var her dominert av mose, gras og eit hjørne som grensa til skogen som var i attgroing med einstape. Beitemarka var i all

hovudsak dominert av graminidar og såg ut til tidlegare å ha vore gjødsla¹, men kan fungere godt som tilleggsbeite for sau. I dag vert området beita av 13 villsau dvs. 9 sører og 4 fjorslam, men det er planen å nytta om lag 40 norsk kvit sau i tillegg om sommar/haust. Mattilsynet har gjeve løyve til dette, men utan at planen er realisert førebels. Det er også tanken å nytta inntil 12 kasjmirgeiter utstyrt mednofence halsklaver. Desse skal da brukast for å auka beitepresset der det trengs mest. Planen er altså også å kunne ha fleire sauar på beite her, etter kvart som lyngen vert brent og dyra kan finna lyng i ulike utviklingsfasar, som pionerfasa, byggjefase, moden fas og degenererande fas, der dei tre første fasane er dei viktigaste for førtilgangen. Inne i planane er det også tanken å utstyra dei mest dominante sauene mednofenceklave, men klavane for sau er ikkje ferdig utvikla riktig enda.

Av karplanter som blei observert var det for det meste lite krevjande arter som dominerte, slik som einer, røsslyng, klokkeling, blokkebær, krekling og ein del skogsarter i dei meir attvaksne områda slik som blåbær, tyttebær, smyle, tepperot og stormarimjelle. Det blei heller ikkje observert raudlista eller framande arter under den naturfaglege undersøkinga på øya.



Figur 1. Kartet viser lokalitetane avgrensa ved undersøkingane i 2019 og etter samtale med brukar. Det avmerkte området for restaureringsareal er arealet som skal restaurerast og inneheld ein blanding av kystlynghei og areal med gjengrodd kystlynghei som har gått over til skog. Areal som er å rekna som kystlynghei har fått ei lys gråblå farge, medan det allereie svidde arealet er markert med mørkare blått. Areal i gul farge er området med naturbeitemark ved gardstunet som det også vert sett på. Det er også markert omrentleg kvar dyras leplass er plassert på gardstunet. Kartet er utarbeidd av Kamilla Svingen, Bioreg AS, i QGis med kartgrunnlag © Norge i bilder 10.12.2019.

¹Det kan også vera at det er rotnande strø over mange år som er grunnen til det oppgjødsla inntrykket.

2.2 Driftsskildring

Driftsskildringa er utarbeidd i samarbeid mellom Kamilla Svingen og Finn Oldervik, begge frå Bioreg AS og grunneigaren i samband med undersøkinga, og seinare ved telefonsamtalar og E-postutvekslingar.

Dato for utarbeiding av driftsskildringa: 28.10.2019
Gje ei skildring av dagens beite (ev. teikn inn på kart): Øya vert i dag beita av 13 sauherd i alt, slik det er no. Dette er gammal norsk sau og av desse er det 9 søyer og 4 fjorslam. Brukaren har dessutan fått løyve av mattilsynet til å bruka ca. 40 stk. kvit norsk sau sommar og haust, i tillegg til villsauene. Brukaren har tilgang til ein slik buskap, men denne siste del av planen er enda ikkje realisert. Han har òg tilgang på ein flokk Kasjmirgeiter som han har planar om å nytta for landskapspleie på Svinøya. Slik planen ser ut i dag så er det meininga å bruka inntil 12 av desse geytene. For å halda dei på plass er det tanken å nytta NoFence på desse. Seinare kan det verta aktuelt å nytta NoFence på dei mest dominante sauene også.
Kor mange dyr beitar på dei ulike beiteområda: Dyra går fritt på heile øya utan noko inngjerding.
Skildre neverande opplegg for sviing (Kva har du svidd, når vart det svidd, ev. teikn inn på kart): Lokaliteten vert ikkje svidd slik det er i dag, men eitt område blei svidd i 2018 og brukar har fått førebels løyve til å svi i 5 år.
Har du gjort andre skjøtselstiltak enn beiting og sviing: Eitt område har så langt blitt rydda og svidd, mens fleire område er planlagt rydda for skog og lauvoppslag og slik klargjerast for sviing.
Veit du korleis området har vore skjøtta tidlegare (beiting, lyngslått, sviing eller anna)? Området blei tidlegare skjøtta med lyngslått og sviing, men dette er 50 år sidan.
Er det noko med skjøtselen i dag (talet på dyr, kvalitet på beiteområda) du meinar bør endrast? Det bør verta beita med fleire dyr etter kvart som skogen vert fjerna, elles er det svært viktig å halda fram med rydding av skog og kontinuerleg fjerne nye oppskot både av lauv- og bartre innanfor området etter rydding.
Må skjøtselen tilpassast spesielle verdiar i området (sjeldne artar, problemartar, kulturminner, vern etc.)? Det vart ikkje registrert nokon problemartar eller sjeldne artar som krev tilpassa skjøtsel, men det var fleire steingardar i området, samt ein gammal buplass. Dette er kulturminne som det må takast omsyn til under skjøtselen, same om dei så langt er uregistrerte. Det er viktig at kulturminna ikkje vert skadd på nokon måte. Området kan elles med fordel haldast opent ved fjerning av skog. Det trengs også ein del rydding av lauvoppslag og skog før sviing av lyngen kan gjerast, og både gran, furu og bjørk vil kunne vere å rekna som problemartar på grunn av attgroing.
Gje ei skildring av rutinar for tilsyn og sinking: Sauene har tilsyn kvar helg og sauane som berre skal gå ute om sommaren skal takast inn i slutten av november.
Skildre tilgang til ly på beite: Sauene har tilgang til ly på garden på øya. Det finst også fleire skogsområde kor sauene kan søkje ly, samt knausar og anna terreng som kan gje ly for dårleg ver.

Gje ei skildring av rutinar for eventuell nødfôring og lokalisering av fôrplass:


I dag vert sauene tilleggsfôra i området rundt garden øst for lokaliteten, og har fôrautomat og fôrplass her.

Skildre vasstilgang til dyra på beite:

Øya er ikkje kopla opp mot kommunalt vassanlegg, men det finst fleire brønnar på øya, og det er i følgje grunneigar god vasstilgang her.

Relevante løyve frå Mattilsynet (til dømes dispensasjon til «utegang utan tenleg opphaldsrom»):

Dyra har tilgang på opphaldsrom ved garden.

Drifta gjennom året – legg til aktivitetar

Dyra vert samla for medisinering 2 gonger i løpet av året og sendt til slakteri via båttransport på hausten.

Har dei ynskjer eller mål for dei neste 3-5 år som det skal takast omsyn til?

Det er ynskje om å auke talet på utegangarsau som beiter på øya på vinterstid og at avskoginga skal auke lyngbestandene og bidra til betre vinterbeite. Bakgrunnen for dette er eit ynskje om jamnare sommar- og vinterbeite, slik at ein slepp å auke talet dyr om sommaren.

Andre kommentarar:

Etter samtale med Ålesund kommune kom det fram at kommunen ynskjer å avskoga eit lite parti dei eig på nordsida av lokaliteten. Avgrensinga av lokaliteten vert difor tilpassa dette.

3. Skjøtsel av Svinøya – skildring av planlagte tiltak

3.1 Generelt om skjøtsel av kystlynghei

Kystlyngheiane er skapt ved rydding av skog, lyngsviing, beiting og lyngslått. Dei har utvikla seg gjennom gjensidig påverknad mellom lynchhei og beiting, først og fremst med gamalnorsk sau, men òg med geit og sommarbeiting med storfe. Heilårsbeite med gamalnorsk sau vert sett på som den viktigaste driftsmåten for å ta vare på kystlynghei. Ved innsiktsfull drift kan ein også skjøtte kystlynghei ved beiting med spælsau, norsk kvit sau eller andre sauersar frå tidleg vår til sein haust, og tidvis vinterbeiting kombinert med tilleggsföring når forholda tilseier det. Storfe som kviger, sinkyr (kyr i tørrperioden), ammekyr med kalv samt kastratar kan beite i kystlynghei om sommaren når det inngår strandeng eller andre areal med gras- og halvgras i tilstrekkeleg omfang i beiteområdet som heilskap.

3.2 Beiting og dyrehald i kystlynghei

Beiting er viktig for å kunne ivareta kystlyngheiane, og i snøfattige og vintermilde kyststrøk med kystlynghei finn ein former for utegangardrift. Dyrehald, uansett driftsform, krev at ein følgjer tilhøyrande regelverk, sjå www.lovdata.no. Utegangardrift er omtala spesifikt fleire stadar i regelverket, med både eigne tilpasningar og med dispensasjonar frå hovudregelverket mot at einskilde vilkår vert overhaldne. Av viktige regelverk å setja seg inn i, kan ein trekke frem: «Lov om dyrevelferd» (Dyrevernlova), «Forskrift om velferd for småfe», «Forskrift om velferd for produksjonsdyr», «Forskrift om merking, registrering og rapportering av småfe» og «Forskrift om bekjemping av dyresjukdommar». Dispensasjon om «utegang utan tenleg opphaldsrom» krev løyve frå Mattilsynet. For å kunne tilpassa talet på dyr til beitegrunnlaget, må beitegrunnlaget vurderast. Beitegrunnlaget vert påverka av variasjonar i både naturtilhøve og hevd, og må difor vurderast for kvart einskild beite. Ofte inngår det fleire naturtypar i det samla kystlandskapet som vert beita, noko som også bør takast inn i den totale vurderinga av dyretalet. Dette kan vera strandenger som er gode vår- og sommarbeiter, eller myr som kan ha viktige halvgras og storr utover haust og vinter. Kystlynghei i god hevd utgjer gode beiter, og inneholder helst vekslingar av røsslyng i både pionerfase, byggefase og mogen fase. Dette gjer at beite-dyra kan veksle mellom røsslyngplanter av ulik alder og høgde. Beitekvaliteten til røsslyngen varier med alder, og særleg gammal, forveda og skada røsslyng gjer beitene mykje ringare. Ein del kystlyngheier finnes i vekslingar med mykje bart berg, mens andre lynchheimer dannar tette tepper der røsslyngen har eit høgt dekke. Både dekning og kvalitet på røsslyng må takast med når ein skal rekna ut av talet på dyr per arealeining.

I «Forskrift om velferd for småfe», omtalast utegangardrift særskild, og i § 18 «Unntak frå kravet om tenleg opphaldsrom – utedrift», kan oppsummerast i følgjande viktige punkt:

- 1) *Dyretalet skal tilpassast beitegrunnlaget.*
- 2) *Eigar eller annan med ansvar for dyra skal ha høve til raskt å skaffa tilstrekkeleg og eigna fôr i tilfelle situasjonar der beitet ikkje gjev tilstrekkeleg næring.*
- 3) *Det skal etablerast fôringsplass som gjer det mogleg å føre dyra på ein god måte.*
- 4) *Terren og vegetasjon skal gje nok ly, og dyra skal ha vernande ullfell i kalde årstider.*
- 5) *Det skal etablerast innhegning som gjer det mogleg å samle dyra.*
- 6) *Dyra skal samlast når det er naudsynt av dyrevernmessige omsyn, og minimum vår og haust for kontroll, merking, napping og klipping av ull, naudsynt parasitthandsaming, o.l.*
- 7) *Paring skal planleggjast slik at lamming kan gå føre seg når beite- og klimatilhøve er gunstige.*
- 8) *Tilsynet skal intensiverast før og under lamming.*

Gode vinterbeite er naudsynt for eit godt dyrehald. Nøkkelarten røsslyng inngår i beitegrunnlaget gjennom heile året, men er viktigast utover hausten og vinteren, då omfanget av andre beiteplanter reduserast. Sjølv om røsslyng er den viktigaste vinterbeiteplanta, er tilgang på storr og gras som dyra finn innimellom lyngen betydningsfull for det samla næringsopptaket om vinteren. Småfe på utmarksbeite skal etter regelverket ha tilsyn minst ein gong per veke i områder utan særskilt risiko. Ved mistanke om auka fare må tilsynet intensiverast slik at forhold som kan medføre dårleg velferd, sjuke, skadde og avmagra dyr, oppdagast så tidleg som råd er. Det er ein føresetnad at beitelokalitetane gir moglegheiter for å komme til med nødfør, også i periodar med dårleg ver. Beitene må ha tilstrekkeleg ferskvasstilgang gjennom heile året. Det må planleggjast løysingar for mogleg vassmangel, både sommar som vinter.

Gamalnorsk sau og andre husdyrslag

Gamalnorsk sau (ofte kalla villsau) er mykje brukt i utegangardrift i kystlynghei, ettersom det er ein hardfør, lett sau som er tilpassa heilårsbeiting kor det er vilkår for det. Under dei riktige kombinasjonar av milde vintrar, tilstrekkeleg med areal og velskjøtta kystlyngheier, greier gimrar og vaksne sauver av gamalnorsk sau seg vanlegvis tilfredsstillande gjennom vinteren. Paring skal skje slik at lamming om våren ikkje startar før beitegraset er kome i vekst slik at sauane finn næringsrikt før til produksjon av mjølk. Kjem det tungt snøfall som blir liggjande, og som gjer det vanskeleg for sauane å få tak i tilstrekkeleg før, må ein straks setje inn tiltak med tilleggsføring og om naudsynt hente dyra i hus og/eller innhegning med ly for naudsynt oppfølging. Innhaldet av



Gammalnorsk sau er godt tilpassa beiting i kystlynghei.

protein i beiteplantane gjennom vinteren er gjerne noko knapt. Gamalnorsk sau kan i noko grad tære litt på kroppsreservar gjennom vinteren. Dyra må då ha fått bygd opp kroppsreservar gjennom sommar, haust og førjulswinter.

Dersom lamma frå sau i kystlynghei ikkje har nådd tilfredsstillande slaktevekt, kjøttsetting og feittinnhald ved tidspunktet for haustslakting må ein gjere tilpassingar. Desse lamma som ikkje er slaktemogne må då overvintrast på ein måte som sikrar tilstrekkeleg førtilgang og god dyrevelferd. Små sauelam må ikkje gå saman med ver slik at dei kan bli para, då drektigheit krevjar svært mykje og set individet tilbake i utvikling, og kan vere i strid med kravet om godt dyrehald. Produksjonsmessig er det heller ikkje nokon god løysing at utegangarsau lamar årsgamle, då ein lett kan komme inn i ein vond sirkel med seinare lamming og dermed små lam om hausten.

Vanleg norsk kvit sau og andre norske langhala rasar med regional utvikling og tilpassing (steigar, cheviot, ryggja), spælsau og eventuelt andre sauerasar kan også beite i kystlynghei lenge utover hausten der det er vilkår for det, og i deler av vinteren når det blir kombinert med inneføring som sikrar dyra tilstrekkeleg med energi og protein. Driftsmåten som kombinerer utegangardrift og inneføring er lite brukti dag samanlikna med tidlegare, men er framleis i bruk m.a. i området ved Lindesnes i Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og somme stader vidare nordover langs kysten. Beiting med dei langhala sauerasane eller spælsau i kystlynghei gjennom sommaren vil ofte gi mindre tilvekst på lamma enn anna utmarks- eller fjellbeite. Mengdeinnslaget av gras og urter er viktig, det gjeld å få ein god start på tilveksten hjå lamma frå våren av, og at tilveksten ikkje stagnerer og blir for låg når ein kjem utover sommaren og seinsommaren. Ved større innslag av strandeng i tilknyting til kystlynghei, kan beitet vere tilfredsstillande som sommarbeite både til tyngre sauerasar og stadvis til storfe (sinkyr, kviger, kastratar,

ammekyr). Naturtypen strandeng er det generelt meir av på deler av Trøndelagskysten og særleg i Nordland (Helgelandskysten) enn kva som er tilfelle på Vestlandet.

3.3 Lyngsving

Lyngsving er avgjerande både for å oppretthalda ønskt artsinnhald i lyngheiane og det biologiske mangfaldet, og for sikring av godt og tilstrekkeleg beitegrunnlag. Det er difor viktig å planleggje lyngsvinga for fleire år framover slik at ein til ei kvar tid har den mosaikk av grasareal og lyngareal av forskjellig alder som er ønskjeleg. Ved planlegginga av avsviinga må ein også ta omsyn til spesielle verdiar knytt til området, slik som fugl, kulturminne, landskapsetetikk og eventuelle erosjonsproblem. Det er viktig å orientere seg om kva slags verdiar som finst i området gjennom til dømes forvaltingsorgan som kommunen, fylkeskommunen,

Fylkesmannen eller Miljødirektoratet/Statens Naturoppsyn, og tilpasse den planlagde skjøtselen til desse verdiane.



Lyngsving er ei vanleg skjøtselsform i kystlynghei.

Når det gjeld lyngsving, er dei generelle råda at avsviingsflatane ikkje skal vere for store. Med store avsviingsområde minkar det biologiske mangfaldet og sauene får vanskelegare for å finne godt fôr i tilstrekkelege mengder til ei kvar tid. For lamma si tilvekst er det spesielt viktig at det finst lett tilgjengelege grasareal frå våren og utover sommaren. Lyngsvingsarbeidet blir imidlertid meir arbeidskrevjande når avsviingsareala er små, så det gjeld å finne ein passe balanse.

I denne samanheng er det viktig å kunne vurdere og bestemme kor lang tid det skal gå mellom kvar gong ein svir av same område dvs. kva slags rotasjonsperiode lyngheivegetasjonen skal ha. Utviklinga av røsslyngplanta går gjennom fleire fasar, frå pionerfasa til byggjefase og vidare til moden fase. Fôrproduksjonen er høgast i tidleg byggjefase. Når lyngen byrjar å bli gamal ("moden") dvs. vanlegvis når den har blitt 20-30 cm høg, brenn ein på nytt. Kor lang tid det tar varierer med klima, lokale vekseforhold og beitetrykk, men ein reknar med 8-20 år. Sidan utviklinga av røsslyngen kan variere så mykje er det viktig at ein lager individuelle skjøtselsplanar som tar omsyn både til røsslyngen si evne til å regenerere, røsslyngen sin tilveksthastighet og ei vurdering av problemartar som kan komme inn etter sving. Døme på problemartar er einstape, sitkagran, rynkerose og tistlar.

Sjølvve avsviingsarbeidet må også planleggjast nøye med omsyn til kor elden skal starte og avsluttast. Myr- og vasskantar kan vere naturlege avslutningslinjer, men det hender at ein må lage branngater (5-6 m) for å sikre ei god avslutning. Ein må sørge for å ha brannsløkkingsutstyr tilgjengeleg og ein må varsle brannvesenet på førehand. Naboar bør også varslast. Det er viktig å vere mange nok for å sikre at ein kan styre brannen. Brenning må berre gjennomførast under gunstige værforhold og med tele eller fuktig jord, dvs. i perioden frå sein haust til tidleg vår. Dersom ein ikkje sjølv har erfaring med lyngsving, bør ein få hjelp frå nokon med erfaring, i alle fall første gongen.

3.4 Restaurering av kystlynghei

I gammal lynghei dvs. lynghei som ikkje har vore brent på lenge, kan det vere eit kraftig oppslag av buskar og tre. Dersom lyngheia skal takast i bruk igjen bør dette ryddast før ein brenn på nytt. Noko bjørk, rogn og ulike vierartar bør likevel setjast att fordi det kan vere viktig "tilskotsfôr" for sauene. I gammal lynghei er det meir mose og lav i

botnsjiktet enn i lynchei som har vore i kontinuerleg drift. Det kan forårsake tregare regenerering av vegetasjonen etter sviing. I tillegg kan gammal lync ha vanskelegare for å sette rotskot, noko som også forseinkar regenereringa. Sjølv om regenereringa i gammal røsslyng går seint etter første sviing, kan det gå raskare ved ny sviing. Det beste resultatet oppnår ein likevel i område som ikkje er for attgrodde.

3.5 Mål for skjøtsel på Svinøya

SKJØTSELSPLAN					
Dato utarbeiding av skjøtselsplan: 30.11.2019					
Dato synfaring: 15.08.2019					
Dato samtale med grunneigar/brukar: 15.08.2019 m.m. Mange E-postutvekslingar.					
Utforma av: Kamilla Svingen og Finn Oldervik		Firma: Bioreg AS			
UTM sone: 33	Nord: 6930777	Aust: 359480	Gnr./Bnr.: 125/3		
Areal (noverande): 41,6 daa		Areal (etter evt. restaurering): 41,6 daa			
Del av verneområde: Nei		Kva for vern: -			
Finnes det særskilde skjøtselsomsyn i området, i tilfelle kva for omsyn?:					
Deler av området er innanfor eigedomsgrensa til anna grunneigar og eventuell skjøtsel her, må gjerast i samarbeid med vedkommande grunneigar. Også kommunen eig delar av området, som dei etter opplysningar frå grunneigar med kommunen ynskja å avskoge, og kor avgrensinga av lokaliteten har vorte tilpassa dette. Det er nokre verdfulle kulturminne her som steingardar og rester etter ein buplass. Desse må ein ta omsyn til, slik at dei ikkje vert skadde. Å gjera desse kulturminna meir synleg er likevel svært positivt.					

MÅL

Hovudmål for lokaliteten:

- Lokaliteten skal vera ein del av eit større kulturlandskap med kystlynghei og andre seminaturlege naturtypar på Svinøya.
- Verdien på lokaliteten, og dermed også beiteverdien i området, skal aukast gjennom gjenopptaking av lyngsviing og rydding av kratt og ungskog.
- Lokaliteten skal vidare haldast open og utan innslag av framande artar, noko som oppnåast gjennom kombinasjon mellom sauebeite/geitebeite store delar av året og lyngsviing.

Konkrete delmål:

Restaurering:

- I ein restaureringsfase må buskar og tre ryddast og fjernast før brenning. Ettersom dyra beitar fritt på øya er det ikkje like viktig at det vert sett at område der dyra kan finne le og ekstra før innafor lokaliteten, med mindre ein planlegg å gjerda inn dyra. Det bør nemnast her at inngjerding av lokaliteten kan vera rasjonelt, slik at ein kan få auka beitetrykket ved å stenga dyra inne innan grensene for lokaliteten i periodar. Dette bør i tilfelle gjerast i sommarhalvåret når behovet for leplassar er mindre. Ein føresetnad for å gjera dette er at det er tilgong på godt vatn innan lokaliteten.

Beite:

- Området vert i dag beita med vel 10 vaksne sauherre heile året, men ein har konkrete planar om å sleppa om lag 40 norsk, kvit sau som kan beita her i sommarhalvåret, men som normalt vert tatt inn i slutten av november. Mattilsynet har gitt løyve til dette, og brukaren har tilgang til ein flokk med slik sau som kan nyttast på den måten. Brukar/eigar har også tilgang til ein flokk med kasjmireiter, og han har no bestemt seg for m.a. å nydda omlag 12 kasjmireiter utstyrt mednofenceklavar slik at beitinga kan styrast dit det er størst behov. Seinare vil også nokre dominante sauherre verta utstyrt med slik klave. Drifta skal vera tufta på eit opplegg som sikrar god dyrevelferd. Sauene/geitene skal ha tilgong på naturlege leplassar, og om dette ikkje finnes må det setjast opp leskur. Dyra skal også ha regelmessig tilsyn, og om naudsynt gjevest tilleggsfôr, noko som med fordel kan gjerast slik at transporten ikkje vert gjort meir omfattande enn naudsynt. Det må også sikrast at sauene har tilgang til vatn på øya.

Lyngsviing:

- Gjennom gjenopptaking av lyngsviing, skapa ein mosaikk av røsslyng i ulike aldersfasar. Sviinga vil i sin tur auka den totale beiteverdien på området. Lyng i fleire utviklingsfasar vil gjere det mogleg å ha fleire dyr på beite.

Ev. spesifikke mål for delområde(r):

- Det må avgjerast kva for område som skal sviast i fyste omgang, noko som truleg vil bli dei mest opne områda som det krev minst arbeid med å rydde før sviing.
- Det finns ein del ungskog med bjørk og bartre i lokaliteten som må ryddast før lyngsviing kan gjerast i desse områda.

Tilstandsmål artar:

- Oppnå mosaikk av røsslyng i ulike aldersfasar.
- Auke dekninga av lyng innafor lokaliteten og slik betre førtilgangen i området.

Mål for bekjemping av problemartar/gjengroing:

- Fjerne lauvskog og oppslag av andre trevekstar innafor lokaliteten.

3.3 Planlagde skjøtselstiltak på Svinøya

3.3.1 Beiterelaterte tiltak

Skildring av planlagde skjøtselstiltak, beiting:

Ei driftsform med heilårs utegangardrift krev godkjenning frå Mattilsynet, og det er Mattilsynet som set kriteriar for driftsopplegget, samt for eit tilsyn som tek høgd blant anna for behov for tilleggsföring og ly når tilhøva krev det. Området vert i dag beita med utegangarsau og etter kvart kvitsau og kasjmirgeiter. Slik området er skjøtta i dag, er det beita med 13 vill sau som gjeng ute heile året. Som nemnd tidlegare så er det meininga at om lag 40 norsk, kvit sau skal sleppast på beite her om våren for å beita til slutten av november då dyra vert tatt inn. Brukaren vurderer også å nytta kasjmirgeit utstyrt mednofenceklavar. Lokaliteten er så langt ikkje gjerda inne, og dyra beitar fritt på heile øya. Når brukaren vurderernofence, så er det m.a. for å unngå permanente gjerder, då slike gjerder også vil by på utfordringar kva gjeld tilgang på vatn. Sauene har tilgang til førautomat og har fôrplass på garden på øya. Beitetrykket er i dag ikkje høgt nok til at området blir halde ope og attgroing er difor eit problem, etter meir enn 50 års opphøyr av hevd. Med avskoging og gjenopptaking av lyngsviing er derfor målet å auke dekninga av lyng og å kunne auka talet på utegangarsau som kan gå på øya. Aller helst bør dyra gå ute heile året, eventuelt bør beitesesongen strekkast så langt det er forsvarleg og det bør vere eit høgare tal dyr på beite. Beitetrykket bør overvakast for å unngå overbeiting på nysvidde område der beitepresset kan verta svært stort. Det er også viktig å merka seg om beitepreferansane på området vert endra når skogen fjernast og lyngen blir svidd. Regulering av beitet ved hjelp avnofence-teknologi kan bli aktuelt om det viser seg at beitetrykket blir for stort eller veldig skeivfordelt innanføre lokaliteten.

Det finst allereie eit opphaldsrom for sauane på garden på øya der dei kan søkje ly. Ifølge grunneigar er det også fleire brønnar og god naturleg tilgang på vatn i området.

KOSTNADSOVERSIKT	Prioritering (år)	Antall daa og kostnad per daa	Kontroll (år)
Tiltak, beiting og tilrettelegging for beiting: Beiting fortrinnsvis med utegangarsau året rundt i kombinasjon med kvitsau og kasjmirgeit på sommaren og så lenge sesongen tilseier det. Regulering av beitetrykk ved hjelp avnofenceklavar særskild på geitene, men etter kvart også på nokre av sauene om naudsynt.	Årleg	41,6 daa	
Utstyrsbhov knytt til beiting og tilrettelegging for beiting: Motorsag, ryddesag, m.m.			

3.3.2 Planar for sviing

Skildring av planlagde skjøtselstiltak med sviing:

Noko av føremålet med sviinga er som nemnd å laga ein mosaikkstruktur av lyng i ulike aldersfasar, og ein bør difor legge opp til å spreia brannflatane utover. Det bør stå igjen ein del kantsoner med eldre lyng. Sviing bør fortrinnsvis skje i stripa og flekkvis, snarare enn i sirklar. Brenninga må skje når bakken er frossen eller våt, men lyngen likevel er så tørr at den lar seg brenne. Dette for å spare røter og frøbank, men også for å unngå å setja fyr på sjølve torva. Det må også takast omsyn til vindretning og værforhold ved sviing. Slike tilhøve er ikkje alltid til stades, og ein vil etter kvart oppdaga at det ikkje er sikkert ein får brent like mykje (eller noko som helst) alle år. Om det eit år ikkje let seg gjera å brenne i løpet av vinterhalvåret kan dette gjennomførast eit seinare år. Ved sviing av små flater kan ein likevel enklare sjå korleis sviinga slår ut på lyngen (særleg der mykje av den gamle lyngen er død og ein enda ikkje heilt kan sjå kor mykje som spiser frå røter/frøbank på grunn av beitetrykket i området og regenereringa av lyngen). Sviing bør i første rekke skje i område med gamal, levande og grov lyng, eller i område med mykje død lyng der ein samtidig ser at det står igjen noko av den gamle lyngen, eller der det er tydeleg at den kjem opp igjen frå frøbank/gamle røter.

Arealet på lokaliteten er på omlag 40 daa, der omtrent alt dette er å rekna som restaureringsareal i dag. Når ein veit at ein heilårsbeitande sau treng ca 15 – 30 daa rein kystlynghei for å ha tilstrekkeleg med mat, så skjønar ein at denne lyngheia slik ho er tenkt avgrensa ikkje gjev grunnlag for mange dyr aleine. Men sidan dyra kan gå fritt over heile øya endrar dette biletet seg sjølvsgart.

Per i dag er det vanskeleg å seia kor mykje som er svibart areal, då mykje av dette arealet består av ungskog som må fjernast før sviing er aktuelt. Dei største samanhengande svibare partia finnes derimot på dei fuktigare partia og nedover mot svaberga og havet, der det er noko meir ope.

Innanføre dei større samanhengande svibare areala, bør det leggjast opp til ein mosaikk med brannflater. Etablering av ny vegetasjon i brannflater vil variera mellom lokalitetar og ut ifrå kor vellukka lyngsviinga har vore. Ettersom det berre har vorte brent eitt område for eitt år sidan, er det litt tidleg å seie noko om regenereringa og kor lang tid dette vil kunne ta. Det blei imidlertid observert heller lite røsslyng innanføre ein del av disse flatene, og mest røsslyng der det allereie hadde vorte brent for to år sidan og i dei mest opne områda av lokaliteten.

Når det aller meste av ungskogen er fjerna frå lokaliteten vil det svibare arealet verta betrakteleg utvida, og ein kan begynne å svi også her etter kvart som skogen vert rydda. Om det ikkje er mogleg å svi større flater, vil ein tilrå forsøk med punktsviing, da all sviing her vil vera verdifull for å sjå korleis lyngen responderer. Storleiken på brannflatene må uansett tilpassast terrenget og tilgjengeleg mannskap.

Eitt av dei fuktigare myrområda har allereie vorte svidd, og det er også område aust for det allereie svidde arealet som det er planlagt å svi i neste omgang i følgje brukaren. I tillegg til desse areala kan ein også byrje med å svi ein del av knausane nede ved sjøen, då dette er areal som topografisk bør vera greie å svi av, samtidig som det er liten risiko for at det tek fyr i ungskog i området, om ein ynskjer å brenne desse areala før all skogen rundt er fjerna.

Kva for areal ein svir når, og om ein i det heile teke får til å svi, vil vera avhengig av vær og vindtilhøve. Etter sviing vil ein vite mykje meir om korleis lyngen innanføre lokaliteten responderer på sviing, og korleis det står til med lyngen sin evne til å regenerere. Det er viktig at vegetasjonsutviklinga innanføre brannflatene vert registrert og notert for å kunne anslå regenereringshastigheita til lyngen, for så eventuelt å korrigera tidsperioden mellom kvar brenning. Noter gjerne også kva for urter som etter kvart blir dominerande, samt kor fort dei ulike artane går attende. Slik kunnskap er verdifull når ein seinare skal sjå på vegetasjonsutviklinga på lokaliteten i eit lengre tidsperspektiv.

Lyngsviinga i området opphørde for fleire generasjonar sidan, og det er i ein startfase naudsynt at brukarane vert kursa i lyngsviing av erfarte og kompetente personar. Samarbeid med andre krefter på Sunnmøre med erfaring innan lyngsviing vil vera naturleg. Det same er deltaking på kurs i lyngsviing andre stadar i kommunen/fylket.

Det er svært viktig å vera merksam på at sitka-/lutzgran kan spire i store mengder i brannflater i kystlynghei. Om dette skjer, må småplantene fjernast etter kvart. Det same gjeld også for andre treslag, og også andre urter, som eventuelt viser seg å verta eit problem. Det er viktig at plantane vert fjerna tidleg, eller stubbast svært lågt. Rydding av ein kystlyngheilokalitet på Stokkøya i Åfjord viste at sitka-/lutzgran er i stand til å setja nye skot langt nede på stammen om det står igjen grøne deler etter at treet er kappa ned. På Svinøya vart det likevel ikkje observert sitkagran eller lutzgran, men heile arealet på øya vart heller ikkje undersøkt i løpet av besøket og det kan derfor ikkje med sikkerheit slåast fast at det ikkje finnes framande treslag her. I samband med dette opplyser eigaren at det er eit granfelt i nordaust på øya, og at det truleg er dette feltet som vart planta av skuleborna i 1920-åra. Brukaren var elles usikker på kva for artar av gran det var snakk om.

Sett i høve til terrenget, så er det oftast ein føremón å starte brann nedst i hellingar og la brannen utvikle seg oppover. Dette føreset likevel at brannen stoppar når den kjem til toppen og ikkje held fram på andre sida av haugen. Opparbeiding av branngater kan difor vera naudsynt, særleg om arealet på motsett side av haugane er dominert av ungskog. Lyngbrenning er krevjande og ei full meistring av denne skjøtselen vil strekkje seg over mange år. Når ein skal opparbeida seg erfaring med lyngbrenning vert det tilrådd å starte brenning i enkle område som er naturleg avgrensa i terrenget. Det er også viktig at desse områda ikkje er for store. Om ein er ute i tilhøve til brenning vil det vera naturleg å leiga inn hjelp frå erfarent hald i startfasen. Erfaringar viser at mars månad ofte er mest gunstig for å utføre brenning, men da med føresetnad at det ikkje er hekkande fugl i området (jf. retningslinene til SNO ivedlegg 2).

Det er også viktig at svinga vert lagt opp slik at areal med tre som skal stå igjen som ly for sauene ikkje vert brend. I eller nær desse treholta bør ein berre punktsvi gamal lyng.

KOSTNADSOVERSIKT	Prioritering (år)	Antall daa og kostnad per daa	Kontroll (år)
Tiltak sviing: Forsök på sviing av samanhengande areal i tillegg til punktsviing av mindre område med eldre/død lyng. Med omlag 4 daa kvart år vil ein brukar 10 år på å svi av heile lokaliteten. Dette kan vera ein høveleg syklus.	Ca. 4 daa årleg i ein femårsperiode	$4 * 1000\text{kr}/\text{daa} = 4\,000\text{ kr}$	
Utstyr behov knytt til sviing: Brannsmakkar, gassbrennar, kompetent personell			

3.3.3 Planlagde restaureringstiltak

Skildring av planlagde restaureringstiltak:

Å restaurere lokaliteten, og særleg dei austlegaste delane, vil bli eit svært omfattande arbeid. Generelt bør oppslag med buskar/tre med høgde over 1 meter hoggast for å hindra vidare gjengroing. Einerbuskar brenn godt og treng ikkje hoggast ut på førehand, men skulle store busker/stammar stå igjen etter brann bør desse fjernast. Einerlik kan i sin tur bidra til å binde jorda, særleg i bratte skråningar og hindre erosjon på grunn av sauetråkk som kan oppstå på grunn av høgt beitettrykk i nysvidde område. Ein bør vurdera om desse skal få stå nokre år før dei eventuelt fjernast.

Generelt bør ryddeavfall brennast utanføre lokaliteten, men ein kan også få etablert bålpassar på strandene innanføre lokaliteten (først og fremst på reine steinstrender framføre areal med tangvollar og fragment av strandengvegetasjon). Ein kan også vurdera faste bålpassar andre stader, men da helst i søkk med fuktigare vegetasjon snarare enn på knausar. Grunnen til dette er at desse båla vil utvikla høg varme som i sin tur kan skade røter og frøbank i jorda. Transporten kan med fordel skje på frossen mark, særleg om ein brukar traktor/ATV i til denne jobben.

Nye oppslag av busker og kratt må kontinuerleg fjernast. Dette gjeld også oppslag av framandarter som sitka-/lutzgran, som kan spire i store mengder på nybrente områder. Noko ungbjørk kan likevel setjast igjen da det kan vera eit viktig tilleggsfôr for sauens og ikkje minst for geita. Det same gjeld unge tre av rogn og selje.

KOSTNADSOVERSIKT	Prioritering (år)	Antall daa og kostnad per daa	Kontroll (år)
Spesifikke restaureringstiltak: Hogst av ungskog innanføre lokaliteten.	2019-2024	Omlag 100 t kvart år i inntil 5 år. Kr. 20 – 30.000,- pr. år alt etter timesats.	
Utstyr behov knytt til rydding/slått/fjerning av problemartar: Motorsag, ryddesag, verneutstyr, ATV/lett traktor (berre på frosa mark)			

3.3.4 Andre planlagde skjøtselstiltak

ANDRE AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK			
Skildring av andre tiltak, ut over restaurering, sviing og beiting.			
<p>Lokaliteten med beitemark sør for llynghiene ved gardstunet, bør sjåast i samanheng med kystlyngheiene, da den vil utgjera eit viktig supplement til kystlyngheia med tanke på beiteareal. Lokaliteten er ganske lite bruka i dag og er dominert av mose og mykje sølvbunke, samt i tidleg gjengroing av einstape i skogkanten og bør også sjåast på som restaureringsareal. Grunneigar har allereie lagd ei grøft i eit forsøk på å bli kvitt mosedekkjet og ynskjer å restaurere arealet. Det viktigaste vil i fylte rekke vere å forsøke å bli kvitt mosen, som kan gjerast ved å kombinere beite med lett naturgjødsling og litt kalking om naudsynt, samt rake bort død mose. Dernest bør ein også prøve å hindre at einstapen spreier seg vidare inn på lokaliteten. Eit råd for å verta kvitt den er å slå den med ein tynn kjøpp slik at stilken knekk og slik vil utarma planta sitt rotssystem over tid. Sjå elles skjøtselsråd i lokalitetsskildringa av beitemarka i Vedlegg 3 heilt bak i rapporten.</p>			

KOSTNADSOVERSIKT	Prioritering (år)	Antall daa og kostnad per daa	Kontroll (år)
Tiltak: Ymse tiltak for å verta kvitt noko mose i beitemarka, samt aktive tiltak mot einstape. - -	Raking og lett gjødsling i 2 – 3 år 7 timer pr. år, samt 3 timars innsats mot einstape pr. år	Tilsaman 10 timer pr. år. Kr. 2500,- pr år inntil problema er minimalisert.	2024
UTSTYRSBEHOV			
-			
Annet:			
-			

3.7 Oppfølging av skjøtselsplanen

OPPFØLGING
Skjøtselsplanen skal evaluerast innan 5 år:
Ja
Behov for registrering av spesifikke naturtypar og/eller artsgrupper: Ettersom synfaringa vart gjennomført noko seint i sesongen, kan ein også med fordel foreta ei grundigare undersøking av artsmangfaldet tidlegare på året (mai/juni), etter kvart som området vart rydda og fleire rundar med sviing vart gjennomført. Det vil vera behov for å følge med på om sitka-/lutzgran spirer i særleg grad i areal som vart svidd.
Nyleg gjennomførte eller påbegynte tiltak som er finansiert: Eit område har allereie verte brent for eitt år sidan, dette området er avmerkt i kartet.
ANSVAR
Person(-er) som har ansvar for iverksetjing av skjøtselsplanen: Jens Arne Baade Berg, grunneigar

4. Meir informasjon

For meir utfyllande om skjøtsel, restaurering og hevd, sjå: **Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmerker** som finnes på DNS heimesider: <http://www.dirnat.no/content/1916/>

Annan aktuell litteratur:

- Buer, H. 2011. Villsauboka. Selja Forlag, Florø.
- Haaland, S. 2002. Fem tusen år med flammer; det europeiske lyngheilandskapet. Vigmostad & Bjørke.
- Halvorsen, R., Bryn, A., Erikstad, L. & Lindgaard, A. 2015. Natur i Norge - NiN. Artsdatabanken, Trondheim (<http://www.artsdatabanken.no/nin>).
- Halvorsen, R., medarbeidere og samarbeidspartnere, 2016. NiN – typeinndeling og beskrivelsessystem for natursystemnivået. – Natur i Norge, Artikkel 3 (versjon 2.1.0): 1–528 (Artsdatabanken, Trondheim; <http://www.artsdatabanken.no>.)
- Kaland, P.E. & Vandvik, V. 1998. Kystlynghei. S. 50-60 i: Fremstad, E. & Lid, I.B. (red.) Jordbrukets kulturlandskap, Universitetsforlaget, Oslo.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Nilsen, L.S. (red.) 2009. Naturen. Populærvitenskapelig tidsskrift. 2009-2: 66-128. Spesialnummer om kystlynghei i Norge.
- Norderhaug, A. & Johansen L. 2011. Kulturmark og boreal hei – I: Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011.
- Norsk rødliste for naturtyper 2018. Artsdatabanken, Trondheim.

5. Detaljert skildring av naturtypene på lokaliteten.

SØKBARE EIGENSKAPAR (for Naturbase)		
Namn på lokaliteten: Svinøya kystlynghei	Kommune: Ålesund	Områdenr.:
ID i naturbase: NY	Registrert i felt av: Kamilla Svingen, Bioreg AS	Dato: 15.08.2019
Eventuelle tidlegare registreringar (år og namn) og andre kjelder (skriftlege og munnlege): Jon Arne Baade Berg, grunneigar	Skjøtselsavtale: Inngått år: 2019 Utløper år:	
Hovudnaturtype etter NiN (% andel fordeling): Kystlynghei (T34) 20 % Nedbørsmyr (V3) 10 % Skog (T4) 60 %		Kartleggingseiningar etter NiN, 1:5000 (% andel fordeling): Kalkfattig kystlynghei (T34-2) 20 % Bærlyngskog (T4-C-5) 60 % Ombrotrofe myrflater (V3-C-1) og ombrotrofe myrkantar (V3-C-2) 10 %
Tilleggsnaturtypar/mosaikk etter NiN (% andel fordeling): Resterande 10 % fordelt på: Grunnlendt mark (T2) Jordvassmyr (V1) Strandberg (T6)		Kartleggingseiningar etter NiN, 1:5000 (% andel fordeling): Resterande 10 % fordelt på: Svak lågurtskog (T4-C2-2) Svært og temmeleg kalkfattige myrflater (V1-C-1) Svært og temmeleg kalkfattig myrkant (V1-C-5) Litt kalkfattige og svakt intermediære myrflater (V1-C-2) Svært og temmeleg kalkfattig myrkant (V1-C-6) Kalkfattige strandberg (T6-C-1) Opa kalkfattig grunnlendt lyngmark (T2-C-1)
Verdi (A, B, C): C	Annan dokumentasjon (bilete, belagde arter m.m.):	



Figur 2 Bilete tatt frå det allereie svidde området og ned mot strandberga og sjøen i nord

Påverknadsfaktorar (kodeliste i handbok 13, vedlegg 11):

Stadkvalitet		Tilstand/Hevd		Bruk (no):		Vegetasjonstypar: Tørr lynghei (H1) Fuktig lynghei (H2) Strandberg (X1) Bærlyngskog (A2) Lågurtskog (B1) Fattig tuvemyr (K2) Ombrotrof tuvemyr (J2) Intermediær myrvegetasjon (L1)
< 20 m	x	God		Slått		
20-50 m		Svak		Beite	x	
50-100		Ingen		Pløyning		
>100 m		Gjengrodd	x	Gjødsling		
		Dårleg		Lauving		
				Torvtekst		
				Brenning	x	
				Park/hagestell		

OMRÄDEBESKRIVELSE (For naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)

Innleiing:

Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Kamilla Svingen saman med Finn Oldervik, begge Bioreg AS. Skildringa er grunna på ei naturfagleg undersøking av K. Svingen den 15.08.2019, på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og grunneigar. Lokaliteten vart registrert som ein lekk i kartlegging av utvalde lokalitetar spreidd omkring i fylket, og føremålet med undersøkinga på Svinøya var å påvise/undersøke eventuelle lokalitetar med kystlynghei, samt å utarbeida skjøtselsplanar for registrerte kystlyngheier på øya. Forutan Kamilla frå Bioreg, så deltok den eine av grunneigarane, Jon Arne Baade Berg. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015, raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018. Avgrensinga er basert på GPS-målinger og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter.

Plassering og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg om lag rett nord for Gåseidvika i Ålesund på ei øy i Ellingsøyfjorden. Her ligg den så nokolunde i le for vind og vær frå dei fleste retningars. Berre vind frå vest/sørvest kan gjera det litt utsett på vestenden av øya. Lokaliteten er for det meste omgitt av skog og grensar til ei lita høgd i sør, med bakomliggende gardstun og beitemark. Det finns også spreidde hytter i sør-aust, og mot nord grensar lokaliteten til sjø som omgjev øya. Berggrunnen er lite varierande og stort sett fattig med ulike gneisar som mest dominante. I eit belte om lag der høgspentlinja går er det litt rikare berggrunn med artar som gabbro og amfibolitt. Den naturfaglege undersøkinga tyda da heller ikkje på anna enn fattig berggrunn. Lausmassane er for det meste sparsame og usamanhengende, men i einskilde sokk finnes hav- og fjordavsetning og strandavsetning (Kilde: NGU). Moen (1998) plasserer lokaliteten i sørboreal vegetasjonssone (SB) og i sterkt oseansk vegetasjonsekjon, humid undersekjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten er registrert som kystlynghei, men grunna mangelen på skjøtsel i om lag 50 år er det meste i dag å rekna som skogsmark (60 %) grunna attgroing. Det er likevel nokre opne område som blei svidd i 2018 og som er å rekna som kystlynghei (20 %), samt område med nedbørsmyr (10 %). Lokaliteten er for det meste å rekna som fattig, grunna den fattige berggrunnen, med innslag av nokre små, rikare parti med intermediær jordvassmyr. Dei siste 10 prosentane er fordelt på naturtypane: strandberg, grunnlendt mark og myr. Etter NiN 2.2 er kystlyngheia rekna som kalkfattig kystlynghei (T34-2) 100 %. Ettersom lokaliteten er å rekna som restaureringsareal utgjer i dag det meste av området skogsmark av naturtypane bærlyngskog (T4-C-5) i aust, og eit mindre parti med svak lågurtskog (T4-C-2) i vest. Elles finnes det ein del ombrotrofe myrflater (V3-C-1) og ombrotrofe myrkantar (V3-C-2) i dei opne og fuktigare partia, som hovudsakeleg er dominert av einer, røsslyng, klokkeling, krepling, tyttebær og blokkebær. Myra er veldig tuvete, noko som tyder på høg grunnvanstand. Det finst og innslag av jordvassmyr, herunder grunntypane svært og temmeleg kalkfattige myrflater (V1-C-1), svært og temmeleg kalkfattig myrkant (V1-C-5), samt eit mindre område med litt kalkfattige og svakt intermediære myrflater (V1-C-2) og svært og temmeleg kalkfattig myrkant (V1-C-6) der det kom inn ein del storr-artar, sivblom og bukkeblad.

Ned mot sjøen finnes det kalkfattige strandberg (T6-C-1) og små parti med opa kalkfattig grunnlendt lyngmark (T2-C-1). Naturtypen kystlynghei er rekna som ein sterkt truga naturtype (EN) på raudlista for naturtypar frå 2018 og den har da også status som «Utvald naturtype».

Artsmangfold:

Røsslyng, klokkeling, krepling og blokkebær dominerer innanfor områda med kystlynghei, i tillegg til ein del einer og oppslag av furu. Det blei også notert nokre artar som indikerer beiting, slik som geitsvingel og gulaks. Elles er det meste av arealet innanfor lokaliteten i dag å rekne som skogsmark grunna mangelen på skjøtsel over tid, hovudsakeleg bærlyngskog og noko svak lågurtskog. Partia med skog har for det meste eit trivielt arts Mangfold med dominans av vanlege skogsartar som tepperot, blåbær, stormarimjelle og smyle. I tillegg finnes eit par myrparti, hovudsakeleg i kombinasjon med kystlynghei. Her er det dominans av bærlyng som tyttebær, krepling og blokkebær, i tillegg til klokkeling og røsslyng, samt ein del einer. Strandberga var for det meste fri for vegetasjon, og grunna lite areal blei det heller ikkje sett opp ei eiga artsliste for desse. Når det gjeld enga rundt gardstunet var denne dominert av mose og sølvbunke, med ein del attgroing av einstape i hjørnet mot nordaust og virka å vera lite nytta som beite.

Det skal nemnast at artslisten truleg hadde vore meir utfyllande dersom synfaringa hadde vore gjennomført tidlegare på året, og det kan difor tilråast å besøkje området igjen i mai/juni for å få med våraspektet også kva gjeld karplantar.

Bruk, tilstand og påverknad:

Gamle flyfoto frå 1968 viser at heile lokaliteten var open og fri for skog på den tida, noko som samsvarar med opplysningar i Øvrelid, R (1973) om at øya var utan skog tidlegare, men det har i følgje noverande grunneigar ikkje vore skjøtsel av området på om lag 50 år, og i dag er difor det meste av arealet skogkledt. I følgje lokale kjelder (eit utdrag frå Ragnar Øvrelid i Borgund og Giske B. IV) var det opphavleg ikkje skog på Svinøya, men det vart planta noko skog av skuleborna på øya i 1920-åra. Det beita sjølvsagt også tidlegare både kyr og sauar på øya, men det er usikkert kor lenge det var dyrehald på øya – neppe særleg lenger enn 1970. Truleg vart ho heilt avfolka først i 1970-åra. Innanfor lokaliteten er det fleire steingardar og spor etter ein gamal husmannsplass, og kystlyngheilokaliteten vert difor truleg også beita i eldre tid, men dagens artsmangfald ber ikkje særleg preg av dette no lenger. I dag går det 13 utegangarsau på øya året rundt, og det er planen at om lag 40 norsk kvit sau etter kvart skal sleppast på somarbeite der, eit tiltak som mattilsynet har gjeve løyve til. Dyra som er der no går fritt på heile øya og er ikkje inngjerda. I tillegg til sauene er det planen å sleppa omlag 12 kasjmirgeiter der ute, utstyrt med Nofenceklavar.

Lyng og sviing: Noverande brukar har fortalt at tidlegare skjøtsel var lyngslått og sviing, men at dette er minst 50 år sidan. Han har fått løyve til å svi i ein 5-årsperiode og svidde eit område innanfor lokaliteten alt i 2018. Det meste av lyngen som veks der no er gammal, grov og forveda, og det er i tillegg høg dekning av einerbuskar innanfor området. Dei mest opne partia er området som vart svidd i 2018, eit tilgrensande område sør-aust for det svidde området, samt områda ned mot svaberga og sjøen. Desse er det difor mest naturleg å svi i neste omgang, medan resterande areal først må ryddast for skog.

I mykje av lokaliteten finnes det som nemnd parti med ungskog og yngre produksjonsskog. Gjengroinga let til å ha skjedd i løpet av dei siste 50 åra, og det meste av skogen er truleg mellom 40 og 50 år gammal (basert på flyfoto frå 1968). I desse partia er det for det meste skogsartar i feltsjiktet, men det er også her ein del røsslyng og litt klokkeling som indikerer eit godt grunnlag for restaurering. Her krevst det difor at ein fyst ryddar skog og kratt før ein prøver å svi og sjå effekten av dette for regenerering av lyngen.

Framande arter:

Det blei ikkje observert nokre framande arter i løpet av den naturfaglege undersøkinga av deler av øya.

Kulturminne:

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor lokaliteten, men ved synfaringa i sommar vart det registrert nokre steingardar og ruinane etter ein husmannsplass.

Skjøtsel og omsyn:

Beite: Beitet med sau må oppretthaldast, og da med betydeleg høgre beitetetrykk enn i dag. Vidare bør det vurderast kor vidt ein skal utvida buskapen av gammalnorsk sau ein god del. Disse egnar seg til å gå ute store deler av året, eller heile året når det er vilkår for det. Det må vera eit mål at mest mogleg av det føret sauene treng skal koma frå utmarka. Tilleggsfôring bør som i dag avgrensast til areal nær husa. Etter kvart som lokaliteten vert restaurert, vil beiteverdien i området også auka, og det vil vera naturleg å vurdere talet på dyr kontinuerleg ut frå korleis lokaliteten utviklar seg. Her må ein også sjå denne lokaliteten i samanheng med resten av garden. Ein viser også til tidlegare omtalte planar om bruk av Kasjmirgeit utstyrt med Nofenceklavar.

Gjengroing: Det er generelt høg grad av gjengroing innanfor det meste av lokaliteten, men nokre av dei fuktigare områda i midten av lokaliteten er omtrent fri frå skog. Det er derimot ein del einerbuskar her som må brennast og fjernast om det blir igjen mange daude einerkratt. Buskar og tre må fjernast, og ein må jobbe kontinuerleg med å fjerne nye oppskot innanfor lokaliteten. Særleg grana har mange stadar vist seg å vera eit stort problem i kystlyngheier, og grantre innanfor området bør derfor hoggast, eventuelt rykkjast opp med rota medan dei er små. Einskilde kratt, og da særleg einer, kan med fordel få stå igjen, då dei daude stammene vil hindra sauene i å koma til, slik at jordsmonnet vert utsett for mindre trakkslitasje enn om buskane hadde vore heilt borte. Desse kan så fjernast seinare, etter at vegetasjonen er reetablert. Ettersom det er eit fåtal sau som beitar på øya no, har dei også ein del tilgjengeleg areal å beite på, så overbeiting på dei nysvidde areala er ikkje nødvendigvis eit stort problem. Men dette må ein følgje med på og vurdera undervegs.

Lyngsviing: Føremålet med lyngbrenning er å skapa mosaikkar med røsslyngvegetasjon med ulik alder. Dette er gunstig både for beitedyr og andre arter som insekt og fuglar. For at dyra til ei kvar tid skal ha tilgang på ein slik mosaikk, er det viktig å ikkje svi for store flater. Brannflater fører til auka spiring av gras og urter, og dette utgjer i stor grad sommarbeite til dyra. I tillegg til ulike spirer, er også unge skot av røsslyng viktig som fôr, da desse i sin tur utgjer vinterbeite. Slike unge skot er ein betrakteleg betre fôrressurs for dyra enn gammal forveda røsslyng. Over tid vil ei brannflate gradvis gjennomgå endring i vegetasjonsstrukturen frå gras- og urterik mark, tilbake til større utbreiing av lyng. Eit beiteområde samansett av brannflater med ulik alder vil difor innehalde areal som er godt eagna både til sommarbeite og vinterbeite, med rik utbreiing av gras, urter, lyng og buskar. I sum aukar dette i sin tur den ernæringsmessige kvaliteten på kystlyngheia som heilårsbeite samanlikna med tilstanden i dag. For gjeldande lokalitet er prioriteringa derimot i fyrste omgang å få rydda unna skog og kratt, og slik få restaurert området. Avskoging og sviling av opne areal må derfor gjerast først, og over tid vil ein måtte gjennomgå skjøtselsplanen og sjå korleis lyngen regenererast i områda som har vorte rydda. Dernest kan ein byrje med lyngbrenning av mindre brannflater for å skapa ein mosaikk med lyng av ulik alder.

Ein viktig føresetnad for vellukka lyngbrenning er tele i jorda (evt. høg vassmetning), samt at lyngen er tørr nok til at den vil brenne. Med dette unngår ein at frøbanken (frøinnhald i jorda) og røter i det øvste jordlaget vert skadd av varmeutviklinga frå brannen. Vidare unngår ein fare for at sjølve torva tek fyr på grunn av varmen frå brannen. Brenning skal gjerast i perioden 15. september - 15. april under egsna vær- og vindtilhøve. Det må vera tilstrekkeleg med mannskap under brenninga, og varsling skal gjerast etter kommunen sine retningslinjer (brannvesen, nabobar, Fylkesmannen). Egsna utstyr for sløkking og tenning må vera tilgjengeleg. Erfaringar viser at mars månad ofte er mest gunstig for å utføre brenning. Tid mellom brenning av ei flate er gjerne 10 - 25 år og avheng av kor lang tid regenereringa av vegetasjon, og særleg av røsslyng, tar.

Lokaliteten er varierande topografisk med små knausar og søkk, samt fuktige områder. Truleg vil brenning mange stadar bli redusert til svært små flater, då desse er åtskild frå områder med skog som må fjernast før større areal kan brennast samanhengande. Ein moglegheit er difor å bruke gassbrennar til å starte ein brann for så å svi berre nokre få kvadratmeter. Etter tørkevinteren 2013 er mykje av røsslyngen død, men den ser ut til å regenerere (det er noko varierande kor enkelt dette er å avgjera på grunn av beitetrykket i området). Det er svært viktig at eintilpassar svinga slik at ein ikkje kjem i konflikt med omkringliggende hus og hytter!

Del av heilsakapleg landskap:

Lokaliteten er ein del av et større kulturlandskap med beiter, tidlegare slåttemark og åkerland, samt kystlyngheier mest nord og vest på Svinøya. Ein må også rekna inn det gamle kulturlandskapet på dei andre øyene i Ellingsøyfjorden. Området er framleis prega av det småskala jordbruket som var ein del av levevegen her – oftast saman med fiske.

Verdigrunngjeving:

1. Lokaliteten oppnår middels vekt på storleik, da den er kalkfattig og under >100 daa.
2. Den oppnår låg vekt på tilstand ut frå at store områder er gjengrodd med skog og kratt grunna opphøyr av hevd over lengre tid, samt at det meste av røsslyngen her er grov og forveda, noko som medfører at det manglar lyng i dei fasane som gjev den største førverdien.
3. Den oppnår også låg vekt på raudlisteartar, då det ikkje blei påvist raudlisteartar ved den naturfaglege undersøkings, samt at potensialet verkar svakt for slike artar.
4. Den oppnår høg vekt på påverknad/bruk fordi ingen framande arter vart registrert her.

Ut frå dette oppnår lokaliteten samla sett verdien Lokalt viktig – C. Verdien er svak på grunn av den langvarige mangelen på skjøtsel og graden av attgroing, men gjennom restaurering og rydding kan verdien truleg stige.

Merknad:

Området bør etter igangsett skjøtsel undersøkjast for fleire arter, samt at ein følgjer med på vegetasjonsutviklinga innanføre brannflatane.

6. Kjelder

6.1 Skriftlege kjelder

artskart.artsdatabanken.no (2017). Funndata frå: J. B. Jordal, Naturhistorisk museum UiO, Norsk botanisk forening, Norsk entomologisk forening, Norges sopp- og nyttevekstforbund Nedlastet gjennom artskart 30.10.2018

artsdatabanken.no/fremmedartslista2018 Nedlastet 30.11.2018

artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper Nedlastet 30.11.2019

Bryn, A. & Ullerud, H.A 2018. Feltveileder for kartlegging av terrestrisk naturvariasjon etter NiN (2.2.0) – tilpasset målestokk 1:5000 og 1:20 000, utgave 1, kartleggingsveileder nr 2. Artsdatabanken, Trondheim.

Fremstad, E. 1997. *Vegetasjonstyper i Norge*. NINA Temahefte 12. 279 s.

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. *Norsk rødliste for arter 2015*. Artsdatabanken, Norge ISBN: 978-82-92838-40-2.

Miljødirektoratet (2015) *Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann. Utkast til faktaark 2015 – Kulturmark*. Versjon 7. august 2015

Moen, A. (1998). *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.

ngu.no/kart/berggrunn, <https://geo.ngu.no/kart/berggrunn/> Norges geologiske undersøking, berggrunnskart N50, hentet 30.10.18

ngu.no/kart/losmasser, <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/> Norges geologiske undersøking, løsmassekart med symboler, hentet 30.10.18

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M., 1999: Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget. 252 s.

Øvrelid, R. (1973). Borgund og Giske B. IV. Gardsoge, Norddelen og byområdet.

Munnlege kjelder

Jon Arne Baade Berg, grunneigar. Tlf: 966 22 350. Akslastubben 6, 6013 Ålesund (Gnr. 154/3)

Siren Elise Akslen, grunneigar.

Svanhild Engeskar (f. 1938), Torvteigen 8. 6009 Ålesund. Tlf. 470 36 030. Tidlegare bebuar på Svinøya. Flytta derifrå kring 1960.

7. Bilde

Under følgjer ein del bilde frå lokaliteten.



Figur 4. 33N N 6958021 A 51249. Arealet med gammal beitemark ved garden i aust. Bildet er tatt mot nord og bak trea ligg knausen som kallast Svinøya, med den avgrensa lokaliteten for kystlynghei bak. Som ein kan sjå frå biletet er beitet i dag ikkje i bruk og i attgroing. Foto; Kamilla Svingen, Bioreg AS © 15.08.2019.



Figur 5. 33N N 6958150 A 51265. Bildet er tatt frå øvre avgrensing av lokaliteten i nordleg retning, kor ein kan skimta sjøen i bakgrunnen. Bildet viser arealet som grensar til arealet som blei svidd i 2018, og dette er arealet som vil brennast i neste omgang. Arealet har ein del einer og unge furubuskar som bør fjernast før brenning. Foto; Kamilla Svingen, Bioreg AS © 15.08.2019.



Figur 6. 33N N 6958212 A 51154. Bildet viser deler av området som blei svidd i 2018 i retning mot aust. I bakgrunnen ser ein deler av skogen som bør ryddast i dei austlege delane. Også ein steingarde er tydeleg å sjå på dette biletet. Foto; Kamilla Svingen, Bioreg AS © 15.08.2019.



Figur 7. 33N N 6958248 A 51087. Bildet viser dei opne området ned mot svaberga, kor det også var høgare dekning av både røsslyng og klokkeløyng. Bildet er tatt mot nordleg retning og grensar til det svidde området i aust. Foto; Kamilla Svingen, Bioreg AS © 15.08.2019.



Figur 8. 33N N 6958293 A 51145. Bildet visar delar av skogsområdet i aust og er tatt mot vest i retning det allereie svidde området som ligg bakom skogen. Ein kan framleis sjå at det er ein del lyng i feltsjiktet, men det er også ein del skogsartar, samt noko større bartre som må fjernast saman med bjørketrea. Foto; Kamilla Svingen, Bioreg AS © 15.08.2019.



Figur 9. 33N N 6958138 A 51132. Bildet viser skogen i dei vestlege delane av lokaliteten, der det er svak lågurtskog og meir bjørk, framfor bartre og einer som det er mest av i aust. Dette området ser også meir tydeleg beita ut enn dei andre skogsområda i aust. Bildet er tatt mot vest og i den vestlegaste avgrensinga av lokaliteten som er naturleg avgrensa av ein steingard like til høgre for biletet. Foto; Kamilla Svingen, Bioreg AS © 15.08.2019.

8. Artsliste

Under følgjer lister over artar registrert den 15.08.2019.

Karplanter	Lav
bakkefrytle	bristlav
bjørneskjegg	kvistlav
bjørk	grå reinlav
blokkebær	lys reinlav
blåbær	messinglav
einer	
flaskestorr	
fugletelg	
furu	
geitsvingel	
gulaks	
gran	
klokkeling	
krekling	
markjordbær	
mjølbær	
rogn	
rome	
rundsoldogg	
røsslyng	
sisselrot	
skogsvæver sp.	
skrubbær	
smyle	
stjernestorr	
stolpestorr	
storfrytle	
stormarimjelle	
sølvbunke	
tepperot	
tiriltunge	
torvmyrull	
tytebær	
vier sp.	


Mosar

etasjemose
furumose
bjørnemose
heigråmose
storkransmose
torvmose sp.

Vedlegg 1: Eksempel på villsaudrift gjennom året frå Grøneng (Sogn og Fjordane).

Kilde: Villsauboka Buer, H. 2011. Villsauboka. Selja Forlag, Florø.

Kommentar: Denne modellen har ein noko høy bruk av parasittbehandling. Merk at parasittbehandling og behandling mot utøy (flått og sauekrabbe) må vurderast lokalt.



Vedlegg 2: Retningsliner for lyngsviing utarbeidd av SNO

SNO-retningsliner for lyngbrenning



Til: Ansatte i SNO og tjenesteytere

Frå: SNO-sentralt

Dato: Gjeldande frå 2011

Mange verneområde langs kysten innehar store areal med kystlynghei. Dette er ein menneskeskapt natertype som er avhengig av bruk for å kunne ivaretakast. Om bruken opphører, vil områda gro til med buskar og tre. Framande artar som bergfuru og/eller sitkagran har også vorte planta mange stadar, og er i dag i full spreiing. Lyngbrenning er ein rask og kostnadseffektiv måte å skjøtte kystlyngheia på. Målet er å få fram ein mosaikk av vegetasjonsflater med røsslynghei i ulik alder. Da vil heia få størst variasjon og vil også få best fôrverdi. Lyngbrenning i kombinasjon med beiting er den beste måten å skjøtte lynghei på. Om det i lyngheia er stort oppslag av busker og tre bør dette ryddast før ein brenner. Men ein kan med fordel la noko stå igjen da treklynger kan brukast som skjul for dyra og beite. Talet på år mellom lyngbrenningar kan variere (frå åtte år til over 20 år). Sjekk røsslyngtilstanden; gamal og grov lyng bør brennast, men ver klar over at regenereringa etter brann kan ta nokre år og det er viktig å følge med på dette slik at ikkje all røsslyngen vert brend før ny kjem attende. Det beste er å brenne FØR moseattene får høve til å verta heildekkande. Hugs fotodokumentasjon før, under og etter arbeidet.

Før brenning

- Skjøtselsheimel gjennom verneforskrift eller NML § 47, og tinging frå forvalningsstyresmakten skal ligge føre.
- Det er kommunen som er myndigkeit vedrørande open brenning. Slik brenning er berre tillate dersom kommunen har opna opp for dette gjennom "Forskrift om opa brenning og brenning av avfall i småomnar". Sjekk om kommunen har opna opp for dette. I motsett fall må det søkast om dispensasjon frå forbodet
- Lokalt politi skal alltid varslast i forkant av tidspunktet for brenning
- Brannvesenet skal alltid varslast i forkant av tidspunktet for brenning
- Naboar og grunneigar skal alltid varslast i forkant av tidspunktet for brenning
- Ha ei plan for korleis brannen best kan sløkkast.

- Planlegg godt kor det skal brennast – ein mosaikkstruktur mellom brente og ubrende flater er å tilrå. Finnes det naturlege avslutningsliner (som stiar, myrkantar eller tjern) eller må det brennast branngater? Ei branngate bør ha ein bredde på 5-6 m
- Brenn alltid mens jorda er fuktig eller det er tele i jorda (sein haust til tidleg vår fram til seinast 15. april)
- Ta omsyn til fugl. Brenninga bør gjerast før hekketida. I dei sørlegaste delane av kysten er ærfugl og grågås vanlegvis i gang med hekking i mars månad, og brenning i slike områder bør derfor vera avslutta innan 15. mars
- Ta omsyn til fornminne og kulturminne

Under brenning

- Brenn berre under gunstige vertilhøve; laber bris er passe vindstyrke
- Vanlegvis brenner ein med vinden
- Ha godt med mannskap og sløkkeutstyr (brannvifter, spader med lange skaft, snøskufferetc.)
- Brannen kan startast med ein propanblåselampe. Det er ein fordel å tenne på fleire stadar slik at det dannar seg ein brannfront
- Ved sløkking; ver bak flammane og sløkk brannen frå kjelda. Sløkk brannen på bakketoppen. Da mistar flammane noko av krafta og er lettare å sløkka
- Bruk arbeidsklede av bomull eller ull, kraftige støvlar, huve og arbeidshanskar

Etter brenning

- Gå aldri frå et område kor det framleis kjem røyk. Forsikre deg om at brannen er godt sløkt
- Ha beredskap ved behov for ettersløkking
- Få inn på kart kva for område som er brent og når dei erbrent
- Lokalt politi skal alltid varslast etter at brenninga er avslutta
- Brannvesenet skal alltid varslast etter at brenninga er avslutta
- Naboar og grunneigar skal alltid varslast etter at brenninga er avslutt

Vedlegg 3: Lokalitetskildring av Svinøya naturbeitemark

I og med at det vart kartlagt to lokalitetar på garden, og denne beitemarka vert brukt saman med kystlyngheia, vert lokalitetsskildringa lagt ved her. Skjøtselsplana fro kystlyngheia gjeld i grove trekk også for naturbeitemarka.

Kommune: Ålesund

UTM Sone og koordinatar: 33N N 6930597 A 359576

Naturbase ID: NY

Areal: 5,3 daa

Naturtype: Naturbeitemark/Småbiotopar (D11)

Utformingar: Frisk fattig eng (D0110)/Vekselfuktig fattig eng (D0111)/Frisk/tørr, fattig eng (D0108)

Registreringsdato: 15.08.2019

Verdi; Lokalt viktig – C

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Kamilla Svingen i samarbeid med Finn Oldervik, begge Bioreg AS. Skildringa er basert på ei naturfagleg undersøking av Kamilla Svingen 15.08.2019, på oppdrag frå grunneigar. Lokaliteten blei registrert i samband med kartlegging av ei kystlynghei på Svinøya på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Hege Steigedal. Eventuelle raudlisteartar sin status følgjer norsk raudliste frå 2015, raudlistestatus for naturtypar følger raudlista for naturtypar frå 2018. Avgrensinga er basert på ortofoto og er truleg betre enn 20 meter.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Svinøya ved Ålesund, men noko inne på øya ganske nær gardstunet til Pettergarden (gnr 124/3). Det er ein relativt liten lokalitet med beitemark dette dreier seg om (Sjå avgrensing s. 9), og som grensar til skog på de fleste sider. Berggrunnen består av gabro, medan lausmassane består for det meste av marine strandavsetningar (Kjelde: NGU). Moen (1998) plasserer lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og i klart oseansk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ikkje registrert tidlegare, har ikkje vore i bruk på ei stund og er i dag å rekna som eit restaureringsareal. Etter NiN er lokaliteten å rekna som intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6). Naturbeitemark er som nemnt å rekna som semi-naturlig eng, som er rekna som ein sårbar naturtype (VU) på raudlista for naturtypar frå 2018.

Artsmangfold: Store deler av lokaliteten er i dag dominert av mosedekke og sølvbunke og har som nemnd ikkje vore i bruk på ganske mange år, noko som har ført til ein ganske stor grad av attgroing. Dette gjeld i hovudsak den austlege delen av lokaliteten kor det er dominans av mose, sølvbunke og knappsv, samt eit område med ein del einstape i hjørnet i nordaust som grensar til skog. I den vestlege delen av lokaliteten er det mindre mosedekkje og meir gras, og særleg eit svakt hellande parti kor det går ein sti gjennom har noko mindre dominans av sølvbunke og noko meir lågtveksande vegetasjon. Her vart det blant anna registrert gulaks, engsyre og lækjeveronika, men ikkje særleg mange andre naturengartar.

Bruk, tilstand og påverknad: Gardsbruken her ute hadde tidlegare både kyr og sauar på øya, i tillegg til at det vart dyrka korn og ulike grønsaker på bruken. I dag vert lokaliteten knapt nok beita, men partiet i vest med meir urter vert truleg sporadisk beita av sauene som går fritt på øya no. Elles er lokaliteten prega av attgroing både med dominans av mosedekke i aust, samt attgroing av einstape i skogkanten og lokaliteten generelt er dominert av sølvbunke. Historiske biletar viser at lokaliteten også er langt meir omgjeven av

²Tok slutt etter andre verdskrigene

tettare skog no enn den var tidlegare. Ut frå desse bileta kan det også sjå ut som om lokaliteten kan ha vore nytta som åkerland/slåttemark og har kanskje vore gjødsla. Det noko oppgjødsla inntrykket kan også koma av den gjødslinga som rotnande strø medfører. Grunnen til dette er manglende bruk i mange tiår.

Skjøtsel og omsyn: Om det er ønskjeleg å restaurere lokaliteten og nytta den som beitemark må ein fyrst prøve å verta kvitt noko av mosen og sølvbunken. Brukaren har laga ei grøft i eit forsøk på å bli kvitt mosen og også beita av lokaliteten. Men sidan sauene kan beita fritt på heile øya, så vert beitinga for ekstensiv slik det er no. Kva gjeld gjødsling, så kan nok ei slik beitemark tåle nokre nevar med kunstgjødsel for året, utan at soppmycela vert skadd, men det kan aldri verta snakk om store mengder. Kor vidt kalking er å tilrå er vi førebels litt skeptisk til, men skal prøve å framkalla opplysninga. Det kan vera at kalking i kombinasjon med moderat gjødsling (helst naturgjødsel) kan vere naudsynt for å få bort mosen. Ein bør også minska dekninga med sølvbunkne som kan gjerast ved m.a. å kutte og fjerna graset, samt auka beitetrykket innanfor lokaliteten. Det går også an å fjerna ein del av sølvbunketuvene manuelt. Dei er lettast å fjerna om våren når rotsystemet er ganske laust. Eit par drag med ei hakke får tuvene vanlegvis til å lausne. Fysiske inngrep elles, slik som grøfting, bør unngåast. Dyretråkk vil vera med på å fjerna mosedekket, men då må dyra stengast inne i kortare eller lengre periodar. Nokre nevar med kunstgjødsel vil nok gå bra, men eventuelle soppmycel er særskild kjenslevare for fosforet i kunstgjødsel, og generelt er eit nitrofilt miljø negativt både for småvaksne og lyselskande naturengplanter og for beitemarksopp.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av kulturlandskapet på Svinøya og vil vere eit viktig tilleggsbeite for sauene om sommaren om beitetrykket på øya skal aukast. Området har også tidlegare vore nytta i lang tid og er ein del av den historiske bruken av dei seminaturlege areala på Svinøya, og bør absolutt få eit skjøtselsregime som ikkje berre tek vare på dei resterande biologiske og kulturelle verdiane ein finn her, men som også vil auka dei på sikt.

Framande artar: Ingen registrerte ved den naturfaglege undersøkinga der, men brukar og eigar, John Arne Baade Berg fortel at det heilt i nordvest på øya er eit mindre område med gran. Dette er kanskje den grana som skuleborna på øya planta kring 1920 (Kjelde: Øvreliid. 1973). Berg gjev uttrykk for at han er usikker på om det er sitka- eller lutz-gran blant desse trea, men han meiner at nokre merkar seg ut ved å ha ei anna grønfarge enn dei andre. Sama kva artar av gran det kan vera, så må desse trea sjåast på som framande artar på Svinøya, så lenge dei ikkje har kome dit av seg sjølv. Ein må også vera obs på at frø frå denne skogen kan finna vegen til området som nyst er brend, der dei spirar lett. Det beste har nok vore å fjerna all gran på øya.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturbeitemark frå juni 2018 (Bratli H.) oppnår lokaliteten høg vekt for areal (>2 daa). Den oppnår låg vekt på parametrane artsmangfold og raudlisteartar då det ikkje vart observert nokon raudlisteartar i det heileteke, og det berre vart påvist færre enn 15 kjenneteiknande artar. Lokaliteten oppnår vidare låg vekt på tilstand grunna lågt beitetrykk og diffuse teikn etter gjødsling, samt ein høg grad av attgroing. Den nylege grøftinga vil også kunne reknast å vere ein negativ faktor som spelar inn på påverknaden og vidare grøfting av lokaliteten for å fjerna mosen må frårådast, då dette vil ha ein negativ innverknad på lokaliteten som heilheit. På parameteret påverknad oppnår den middels vekt grunna at den ikkje er i bruk og at den i liten grad er påverka av framande artar. Samle gjevs lokaliteten verdien lokalt viktig – C. Ved restaurering av området kan verdien truleg auke, så framtid ein ikkje gjødslar for mykje.

Merknad: Lokaliteten bør ved eit seinare høve reinventeras, m.a. for å få på plass ei meir utfyllande artsliste for lokaliteten. Det er også viktig å følgja med på om skjøtselsråda som er gjevne her vert etterfølgd og om skjøtselen gjev positive resultat i restaureringsarbeidet til denne lokaliteten. Det er også viktig å følgja med på eventuell spreiing av einstapen i kantsona mot skogen.